



STORTINGET

Representantforslag 73 S

(2025–2026)

frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Maren Grøthe og Kjersti Toppe

Dokument 8:73 S (2025–2026)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Maren Grøthe og Kjersti Toppe om betre rammevilkår for organisasjonseigde kulturbygg

Til Stortinget

Bakgrunn

Grendehus, samfunnshus, ungdomshus, bedehus og andre organisasjonseigde bygg er ein viktig del av den kulturelle infrastrukturen i Noreg. Desse husa har i generasjonar vore møteplassar for fellesskap, kultur og frivilligheit, og dei spelar ei sentral rolle for fritidstilbodet til barn og unge over heile landet.

I dei om lag 5 500 organisasjonseigde husa som finst i dag, blir det kvar veke arrangert ungdomsklubbar, barnediskotek, kor-, band-, teater- og danseøvingar, husflidskveldar og kurs av ymse slag. Samstundes fungerer bygga som lokale samlingspunkt og som ressursar for beredskap og tryggleik i krisesituasjonar.

Om lag 60 prosent av bygga blei reist mellom 1880 og 1960. Dei fleste har dermed store behov for oppgradering, tilpassing og vedlikehald. Sjølv om eigarlaga kan søkje meirverdiavgiftskompensasjon for vanleg vedlikehald, fell nybygg, påbygg og ombygging utanfor dagens ordning. Det inneber at organisasjonane sjølve må

bere meirverdiavgifta også når arbeidet er naudsynt for å sikre universell utforming, energieffektivisering eller tryggleik – til dømes dersom ein må utvide eit toalett for å gjere det tilgjengeleg for rullestolbrukarar eller byte tak med nytt og betre materiale.

Den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg er i dag den einaste statlege støtteordninga frivillige lag kan søkje til slike prosjekt. Kommunane prioriterer midlane, men over tid har svært liten del gått til dei frivillige. I 2023 fekk organisasjonseigde bygg om lag 16 prosent av potten på knapt 84 mill. kroner. Ifølgje Huset i Bygda, som har arbeidd med organisasjonseigde bygg sidan 2010, er det eit vedlikehaldsetterslep på rundt 2 mrd. kroner. Lokalsamfunna sjølve skaffar store delar av midlane, men det trengst eit større løft for å hindre at fleire bygg blir rivne eller forfell.

Forslagsstillarane meiner det er avgjerande å sikre den kulturelle infrastrukturen i Noreg, og at det òg ligg ein viktig miljøgevinst i å ta vare på eksisterande bygg framfor å stadig bygge nytt.

Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremja følgjande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa gi organisasjonseigde kulturbygg høve til å søkje om meirverdiavgiftskompensasjon for nybygg, påbygg og ombygging i tillegg til vanleg vedlikehald.
2. Stortinget ber regjeringa greie ut ein særskild pott for frivillige lag innanfor Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg eller på annan måte sørgje for at fleire midlar kjem fram til dei frivillige, og kome attende til Stortinget på eigna måte.

19. desember 2025

Erling Sande

Maren Grøthe

Kjersti Toppe